

Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal

Deltakarar: 30 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Organisering: Oppreisningsutval og et sekretariat.

Regelverket for oppreisning = Vedtekter vedteke av fylkesmøte i KS i møte 17.09.14

- Reglane peikar på kva faktiske tilhøve som er viktige/avgjerande.
- § 4:
 - 1. ledd: Personer som ble plassert i institusjon av deltakerkommunen i perioden fram til 1.1.1993, og som ble utsatt for overgrep eller omsorgssvikt, kan gis kommunal oppreisning når dette anses rimelig.
 - 3. ledd: (1)Ved vurdering av søknaden foretas en fri sivilrettslig bevisvurdering av den dokumentasjon som foreligger i saken. Det må kreves (2)sannsynlighetsovervekt for at utvalget skal legge til grunn at søkeren har vært utsatt for overgrep eller omsorgssvikt under plasseringen iverksatt av det offentlige. (3)Datidens normer for omsorg legges til grunn ved vurderingen av om omsorgssvikt har skjedd.

Ordninga er tilbakeskodande (normer og verkelege handlingar):

- Oppreisning for omsorgssvikt og overgrep i barnevernet for tida fram til 1.1.1993 (fram til gjeldande barnevernslov av 1992):
 - Deltakarane sitt ansvar må vurderast ut frå krav i vergerådslova av 1896 og barnevernslov vedteke i 1953 og sett i kraft frå 1. juli 1954.
 - Aktuelle kjelder: Barnevernsforskrifta av 1954 og Rundskriv nr. 3 om barnevern frå 20. mai 1954 → måtte t.d. til Riksarkivet for å finne desse.

Rettsreglar er eit produkt av si tid:

- Barnevernforskrifta av 1954: VIII nr. 3: «Ingen må begynne i arbeid – fast eller midlertidig – ved barneheim uten at de har framlagt legeerklæring for at de ikke lider av tuberkulose som er smitteførende».
- Forskrift om politiattest: § Den som skal ansettes i en institusjon som er omfattet av barnevernloven § 5-1, skal legge fram politiattest (som skal vise om vedkommende er siktet, tiltalt, ilagt forelegg eller er dømt for brudd på bestemmelser i straffeloven om narkotikaforbrytelser, seksuelle handlinger mot barn og menneskehandel.

Dei faktiske handlingane eller unnlatingane:

- Avdekke omsorgen for andre sine barn (oppsedingspraksis): Frå direkte ulovlege til fagleg, pedagogisk eller etisk kritikkverdige handlingar.
- Ein skal finne ut av forhold som bygde på heilt andre krav enn dei som gjeld i dag. Dette gjeld ikkje minst når det gjeld norma for og haldninga til disiplinering og fysisk straff av barn.

Fysisk straff:

- Vergerådsloven §§ 4, 37, 42, 43 og 44 hadde spesielle lovbestemmelser som ga hjemmel for å benytte kroppslig refsing på barn. Grensen: «maadeholden legemlig Revselse paa børn»
- Barnevernloven av 1953 hadde i § 42, 2. ledd en bestemmelse om at «kroppslig refsing må ikke nyttes» på barnehjem.
- Holdninga i samfunnet generelt: Foreldres rett til fysisk avstraffelse av barn ble først opphevet i 1972.

Dokumentasjon og beviskrav:

- Lovforslaget har berre verknad for dei forholda som ligg lenger enn 20 år tilbake i tid. I tillegg må ein som i alle andre saker kunne føre bevis for kravet. Dei offentlege instansane dette forslaget kan få praktiske følgjer for, til dømes skular og barnevern, bør nok oppbevare enkelte dokument lenger enn det som er tilfelle i dag.
- Arkivstudier vil, ved siden av opplysninger gitt av søkeren selv, gi de mest konkrete opplysningene (informasjonen) omkring forholdene ved det enkelte barnehjem.

- Frå grunnleggjande dokumentasjon for:
 - Kven som avgjorde at søkeren skulle på institusjon - vedtak.
 - Dokumentasjon på sjølve institusjonsopphaldet – innskreven/utskreven.



- Til arkivopplysningar som kan støtte/svekke eigenmeldinga til søkeren:
- Saker som kan være tatt opp – f.eks. personalsak.
 - Brev/bekymring frå pårørande.
 - Tilsynsrapportar.